



Hobby Boat AS
Øyna 1
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykker:
Vår: 17/707 - 17/9225

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
31.03.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 212/19 Eikanger øvre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad 24.02.17.

Planstatus

Eigedomen/arealet er omfatta av kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA). Arealet er omfatta av arealføremålet bruk- og vern av sjø, og ligg utanfor byggeforbodet langs sjø jf. pbl § 1-8.

Tiltaket er ikkje i samsvar med plan.

Tiltaket krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå arealføremålet bruk og vern av sjø og LNF-føremålet, vidare vil det krevje dispensasjon frå byggeforbodet langs sjø jf. pbl § 1-8.

Teikningsgrunnlag

Motteke teikningsgrunnlag er for mangelfult til at kommunen kan ta stilling til søknaden. Det må sendast inn ulike terrengsnitt som syner eksisterande terrenget, samt terrenget etter evt. gjennomført tiltak.

Det må leverast inn teikningar som syner front av fylling mot sjø, det må gjerast greie for korleis fyllingsfronten vert avslutta.

Søknadstype

Det er søkt om løyve til tiltak utan ansvarsrett. Kompleksiteten og konsekvens ved feil i det aktuelle tiltaket gjer at kommunen vurderer aktuelt tiltak som søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-2 bokstav a jf. § 20-3 krav om bruk av ansvarleg føretak.

Det må dokumenterast korleis ein vil sikre fyllingsfoten og omfanget av den. Vidare må det sikrast at leidningsnett i leia inn i Eikangerpollen ikkje vert skada som følgje av tiltaka. Vi gjer merksam på at det er eit avstandskrav til offentleg leidningsnett på 4 meter.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:



1. Det må søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-2 bokstav a jf. § 20-3 krav om bruk av ansvarleg føretak.
2. Søknad om dispensasjon fra arealføremålet bruk og vern av sjø samt LNF-føremålet og byggeforbodet lang sjø gjeve i plan- og bygningslova § 1-8.
3. Søknad om dispensasjon skal nabovarslast.
4. Det må leverast inn ulike terrengsnitt som syner eksisterande terrenget, samt terrenget etter evt. gjennomført tiltak.
5. Det må leverast inn fasade av fyllinga, perspektiv fra sjø.
6. Det må leverast inn ein situasjonsplan som syner ytterkant av fylling.

Vi viser til møte 31.03.17 der det vert tilrådd at ein samlar dei planlagde og påbegynte tiltaka på eigedomen i ein søknad. Om du vel å trekke søknad om fylling i sjø og søke for dei planlagde tiltak i ein søknad ber vi om skriftleg attendemelding på dette. Denne saka vert då arkivert utan handsaming.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 26.05.17.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysingane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eelin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hobby Boat AS

Øyna 1

5913

EIKANGERVÅG